



Nydeleg i Fjellhaugen. Dette biletet vart teke for ei god veke sidan.

**Det er kome godt med snø i Fjellhaugen Skisenter. Det har i fleire veker vore god aktivitet i langrennsløypa, og no arbeider mannskapa for at alpintrekket skal vera klart til opning 3.juledag. Slik det ser ut no, teiknar det til å verta ein god vinter for skientusiastar og andre i Fjellhaugen Skisenter.**

Ivar Berge-Soldal som er driftleiar for alpintrekket rapporter om at dei no arbeider med å setja opp gjerder og anna sikkerhetsutstyr. Dette er snart klart, og planen er at trekket skal opnast for sesongen 3.juledag.

Det er kome svært godt med snø, og langrennsløypa vert stort sett preparert dagleg. Berge-Soldal gleder seg over at mange har nytta seg av dette tilbodet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Knut Johannes Ripel